

Fra: JotForm <noreply@jotform.com>
Sendt: 26. januar 2017 21:47
Til: Kjosås, Reidun Braut
Emne: Re: Innspel til kommundelplan for fysisk aktivite, idrett og friluftsliv i Kvam herad 2017- 2027

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

 **Innspel til kommundelplan for fysisk aktivite, idrett og friluftsliv i Kvam herad 2017- 2027**

Namn	Rune Vik
På vegne av:	Organisasjon (lag, forening, utval)
Dersom på vegne av nokon andre, kven?	Øystese idrettslag (ØIL)/Øystese fotball
Telefon	97108252
Epost	post@oysteseidrettslag.no
Kva anlegg ønskjer du å melda inn (nye og/eller rehabilitering av eksisterande)?	Nytt idrettsanlegg inkl. fotballbane med internasjonale mål, friidrettsdel, klubbhus m.v. Detaljar rundt utbyggingsrekkefølge /prioriteringar av delanlegg / innhald m.v. vert ikkje gjort greie for i denne omgang.
Kor bør eit slik anlegg plasserast, og kvifor bør det plasserast her?	Busdalen i Øystese. Området ligg sentralt i Øystese, ikkje minst i forhold til eksisterande skule- og barnehageinfrastruktur, Øystesehallen og Øystese idrettsplass. Sentralitet og kort avstand er viktig i forhold til tilgjenge. ØIL og Rossvoll VBK har gjennom tidlegare innspel til kommuneplan og reguleringsplan framheva, at Busdalenområdet gjev eit fornuftig handlingsrom for plassering av framtidig idrettsanlegginfrastruktur i forhold til eksisterande. Dagens bruk av Busdalen-området som rekreasjonsområde for barn/ungdom vil truleg kunne vidareførast ved å etablere ein god plan.
Kva er målgruppa for anlegget?	*Barn og unge i alderen 6-19 år, aktivitetar organisert gjennom skule og idrettslag + uorganisert aktivitet på tvers av generasjonar

*11-ar fotball på ungdoms- og seniornivå på bane med godkjende mål i hht. NFF sine krav.
*Fotball, friidrett, allidrett, idrettsskule m.v.

Kvifor er det behov for eit slikt anlegg i Kvam?

- 1) Kapasiteten på Øystese idrettsplass er sprengt, hovudsakleg grunna svært stor aktivitet i barne- og ungdomsfotballen. Ynskje frå fotballen er å auke treningstilbodet for stort sett alle lag, men då må ny fotballbane på plass i tillegg til eksisterande bane.
- 2) Eksisterande bane har grei storleik i forhold til avvikling av 11-ar fotballkampar på ungdomstrinnet. På seniornivå har ØIL-fotball til no vore avhengig av dispensasjon grunna for liten bane.
- 3) Klubbhus - lag/klubbar i Øystese manglar i dag klubblokale og lager. Avgrensa plass ved Øystesehallen / Øystese idrettsplass.
- 4) Friidrettsdelanlegg - naudsynt for å rekruttere barn/unge til friidretten. Avgrensa plass ved Øystesehallen / Øystese idrettsplass.
Bidrag til breidde.
- 5) Andre tilknytte delanlegg (nye konsept) til nytt idrettsanlegg vil kunne gje nye lågterskeltilbod for uorganisert aktivitet, på tvers av generasjonar.
Bidrag til breidde.

Kva kan Kvam herad gjera for å tilretteleggja for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv?

- Gjennomføre reguleringsmessige grep i samarbeid med idretten, for å leggje til rette for idrettsanleggsinfrastruktur det er bruk for, jf. støtte/bistand frå Kvam herad i samband med pågåande planlegging av anlegg på Sandven i Norheimsund.
- Bistå med prosjektkompetanse i planlegging av idrettsanlegg.
- Bistå med å synleggjere korleis finansiere nye anlegg.
- Oppretthalde tilskotsordningar til frivillige lag og organisasjonar.
- Prioritere aktivitet for barn og ungdom, både med omsyn til treningstider og gratis hallbruk.

Har du/de tankar om "målgrupper" som bør prioriterast med omsyn til fysisk aktivitet idrett

Barn og ungdom bør prioriterast, med spesielt fokus på dei som av fleire grunnar fell ut av organisert aktivitet.

og friluftsliv?

Har du/de andre innspel som de ønsker vert teke med i det vidare planarbeidet omkring fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv?

I eit folkehelseperspektiv er "eldre" ei viktig og stor gruppe. Kva tilbod kan gjevast og tilpassast i forhold til funksjonsevne, alder og livssituasjon. Tiltak for å stimulere til aktivitet, lågterskeltilbod, m.v.

You can [edit this submission](#) and [view all your submissions](#) easily.